

RETTLEIING - Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter

Sogndal kommune

Kven har søknadsplikt?

Når du skal etablere eit utslepp av sanitært avløpsvatn eller vil auka eit eksisterande utslepp vesentleg må du søkja kommunen om utsleppsløyve. Dersom utsleppet er frå bustadhus, hytter, turistbedrifter og liknande verksemd, og det totale utsleppet er mindre enn 50 personekvivalenter (pe*), fyller du ut søknadsskjemaet "Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå hus og hytter". Dette skjemaet får du hos kommunen. Skjemaet gjeld både separate utslepp av sanitært avløpsvatn og utslepp frå små hussamlinger som samarbeider om ein felles avløpsløyving. Søknadsplikta gjeld òg når avløp går til lukka tank.

Det er ditt ansvar som eigar å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningar kommunen treng for å kunne handsama søknaden. Handsaminga av søknaden startar når eit fullstendig utfylt søknadsskjema med alle naudsynte vedlegg er levert kommunen. Kommunen skal handsama søknaden innan seks veker frå fullstendig skjema med vedlegg er motteke. Manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forseinke saksarbeidet. Dersom du har søkt om unnatak, gjeld ikkje den absolutte sakshandsamingsfristen på seks veker.

Hva må du gjera i god tid før du søker?

Ta kontakt med kommunen for å få avklart kva for krav og eventuelle lokale tilpasningar som gjeld der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som blir kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gje rettleiing om korleis du skal søkja om utsleppsløyve og kva for vilkår og krav som gjeld. Du må òg sjekke med kommunen om utførelsen av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med planane til kommunen etter plan- og bygningsloven.

Innhent naudsynt informasjon og dokumentasjon. Det er du som søker som skal innhente all naudsynt informasjon og vise at det planlagde utsleppet er i samsvar med krava. Det kan ta tid å samle alt, så berekn god tid.

Du må varsle berørte partar og andre spesielt berørte. Med partar blir til dømes meint naboar. Med andre spesielt berørte meinast til dømes friluftsiinteresser. Dersom du er i tvil om kven som skal varslast, kan du få rettleiing frå kommunen. Du må sjølv sørge for å få kvittering for at varsel er sendt (til dømes kvittering på rekommandert brev eller underskrift). Oversyn over kven som er varsla og kvitteringar skal vedleggjast søknaden (vedlegg 7d) saman med eventuelle uttalelser/protestar du har motteke (vedlegg 7e). Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

Kva må sendast inn til kommunen og korleis vert søknaden handsama?

Når du har fylt ut alle punkta på søknadsskjemaet og har lagt ved alle naudsynte vedlegg har du levert det vi kallar ein fullstendig søknad. Ein fullstendig søknad skal handsamast av kommunen innan seks veker. Husk at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne seinka handsaminga av søknaden din. Dersom du har søkt om unnatak, gjeld ikkje den absolutte sakshandsamingsfristen på seks veker.

**)Personekvivalenter (pe) er eit mål på mengd organisk material i avløpsvatnet. Døme på beregning av pe finn du under punkt 4 (Utslippssted) i denne søkeveiledningen.*

Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen:	Når kan jeg vente svar?
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav og eventuelle tilleggskrav frå kommunen	Søknaden skal handsamast av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har besvart søknaden innan seks veker vert løyve rekna som gjeve
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unnatak frå reinsekravene	Kommunen sin absolutte sakshandsamingsfrist på seks veker gjeld ikkje. Sakshandsaminga vil kunne ta lengre tid, men søknaden skal handsamast utan ugrunna opphald
Eg har sendt inn ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjema er fylt ut eller det manglar vedlegg)	Søknaden vil ikkje kunne bli handsama

Kvar kan du klage på vedtaket?

Klagefristen er tre veker etter motteke vedtak. Eventuell klage må sendes kommunen innen tre uker.

Vert det stilt krav til deg når anlegget er i drift?

Eigar til anlegget pliktar å dimensjonere, drive og vedlikehalde anlegget slik at lekkasjar blir førebygd og sjenerande lukt blir unngått, jf vilkåra i utslippsløyve. Du må ta vare på informasjon om anlegget, drift og lekkasjar. Eventuelle naboklagar skal takast vare på i fem år. Kommunen er tilsynsmyndigheit og fører tilsyn med at krava blir overhalde. Kommunen kan krevje gebyr for tilsyn

Utfylling av søknadsskjema

1. Ansvarleg (søkjar)

Her skal du gje alle opplysningar som er naudsynt for at kommunen skal kunne kontakte deg eller det sameie/organisasjon som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søker er normalt han som eig og skal driva anlegget (eigar/tiltakshaver) og som er ansvarleg for utslippet, herunder for drifta til anlegget og vedlikehald. Dersom ansvarleg søker ikkje er den same som eigar, skal dette gjevast opp her. Handheving og sanksjonar av regelverket vil skje overfor eigar.

2. Søknaden gjeld

Her skal du opplyse om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller om det er ein vesentleg auke av utslepp. Du må oppgje om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, og dessutan mengder bygningar i dei ulike kategoriane. Dersom vassklosett skal installerast eller er installert allereie, må dette opplysast. Med vesentleg auke blir til dømes meint installering av vassklosett, dusj, bad eller våtrom, at fleire områder vert kopla til anlegget, installering av matkvern etc. Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om kva som er vesentleg auke.

3. Eiendom/byggested

Her skal du opplyse om bygningen eller bygningane sine gard- og bruksnummer, og dessutan adresse. Gard- og bruksnummer kan du få ved å ta kontakt med kommunen.

Du må sjekke med kommunen om utførelsen av det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med planane til kommunen etter plan- og bygningsloven. Dersom utførelsen av avløpsanlegget ikkje er i samsvar med planane til kommunen, må du innhente samtykke frå Plan- og Næring. Hugs å oppgje dato for når eventuelt samtykke vart gjeve.

4. Utsleppstad

Her skal du gje opplysningar om utsleppsområdet. Det vil seie om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, elvemunning, osv. Du skal òg oppgje namn på lokalitet og kartkoordinatar. Kartkoordinatar vil du finne på eit økonomisk kart/plankart i målestokk (1:5000) eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart vil du også kunne få tak i hjå kommunen sin oppmålingsavdeling og Fylkeskartkontoret. Hugs å opplyse kva for eit kartdatum du brukar. Til dømes WGS 84.

Avløpsanlegget sin plassering og utsleppsstad skal merkast av på kartet. På same kart skal du òg merke av eiendomsgrensar og eventuell vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald etc.). Karta skal vedleggjast søknaden (vedlegg 7b).

Gjeld søknaden utslepp til vatn, må du oppgje kor mange meter under lågaste vasstand det blir sleppt ut (utsleppsdjupna).

Utsleppet sin forventa storleik skal gjevast opp i mengder personekvivalenter (pe). Personekvivalenter er eit mål på mengd organisk materiale i avløpsvatnet. Ein kan finne pe på fleire måtar, men som hovedregel seier vi at:
Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 1 pe
Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan vassklosett: 1 person vil bidra med 0,3 pe
Utslepp frå hytter utan innlagt vatn og vassklosett: 1 person vil bidra med 0,1 pe.

Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på korleis du reknar ut utsleppets forventa storleik.

Eksempel 1:

Hus med innlagt vatn og vassklosett, husstand med seks personer: $1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$ i avløpsvatnet.

Eksempel 2:

3 hytter med innlagt vatn og vassklosett og 10 sengeplassar i kvar hytte ¹⁾: $3 * 1 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 30 \text{ pe}$ i avløpsvatnet.

Eksempel 3:

Hytte med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar: $0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ personer} = 3 \text{ pe}$ i avløpsvatnet.

¹⁾ Det vil variere kor mange personar som oppheld seg på ei hytte. Når ein skal rekna ut forventa tal personekvivalentar må ein ta utgangspunkt i maksimalt tal personar på hytta samstundes. Tal sengeplassar kan være et godt mål på maksimalt tal personer/maksimal belastning.

5. Reinsegrad

Kva for eit reinsekrav som gjeld på den staden du planlegg utsleppet vil vere avhengig av om utsleppstaden ligg i eit følsamt/normalt eller mindre følsamt område, om det er brukarkonfliktar involvert og om det er fare for overgjødsling.

For å avklare kva for reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn på, må du først finna ut om utsleppstaden ligg i:

- **Følsamt/normalt område** -- Ferskvassførekomster. Kyststrekningen Svenskegrensa-Lindesnes med tilhøyrande nedbørfelt og Grimstadjordområdet (Nordåsvannet, Grimstadjorden, Mathopen og Dolviken); eller
- **Mindre kjenslevart område** -- Kystfarvatn og elvemunningar frå Lindesnes til Grense Jakobselv unntatt Grimstadjordområdet.

Følsamt/normalt område: Dersom staden du vil sleppe ut til er klassifisert som følsamt/normalt område set du kryss i boksen Rensegrad jf §12-8, følsamt/normalt område. Deretter må du gjere ei vurdering av eventuelle brukarkonfliktar og/eller fare for overgjødsling. Dersom det er brukarinteresser involvert skal du krysse i boks a som er det strengaste reinsekravet. Dersom det derimot ikkje er brukarinteresser involvert, men fare for overgjødsling set du krysset ditt i boks b, der reinsekravet ikkje er fullt så strengt som for a. Dersom det verken er brukarinteresser eller fare for overgjødsling set du krysset ditt i boks c (det minst strenge kravet). Gjeld søknaden berre gråvann (avløpsvatn frå hushaldningar som ikkje inneheld klosettvatn) som blir sloppe ut i stadeigna lausmasser eller liknande skal du krysse av i boksen Stadeigna lausmassar eller tilsvarande.

Mindre følsamt område: Dersom staden du vil sleppa ut til er eit mindre følsamt område, skal du setje kryss i boksen: Rensegrad jf §12-9, mindre følsamt område. Du må i tillegg spesifisere rensegrad ved å krysse av for anten (a) 20 %

reduksjon av suspendert stoff; eller (b) maksimum 180 mg suspendert stoff/liter (årleg middelverdi). Gjeld søknaden gråvatn som skal sleppast ut til mindre følsam sjøvassresipient er det ikkje krav til rensing og du kan krysse i boksen Urensa.

Dersom du søker om unnatak frå reinsekrava skal du krysse av i boksen:

Det blir søkt unnatak frå §§12-8 til 12-9. Husk at grunngeving/spesifisering for ynskje om unnatak frå reinsekrava må leggjast ved søknaden (vedlegg 7g).

Det kan vere nyttig å ta kontakt med kommunen eller ein fagkyndig for å få naudsynt informasjon eller rettleiing om kva for eit reinsekrav som gjeld der du planlegg utslepp. Du kan òg få ein fagkyndig til å gjera vurderingane for deg

Under punktet "Type reinseanlegg" skal du gje opp kva slags reinseanlegg du ynskjer å installere. Gjeld søknaden minireinseanlegg skal "Tillegg for minireinseanlegg" òg fyllast ut.

Den dimensjonerte storleiken til anlegget skal angjevast i mengder personekvivalenter pe. Dette vil du kunne finne i til dømes i anleggsleverandørens dokumentasjon. Vurdering av kor stort anlegg du skal velje bør gjerast med eit perspektiv på 10 år. Anlegget bør uansett ikkje vere dimensjonert for mindre enn 5 pe.

6. Vedlegg til søknaden

Søknaden blir ikkje rekna som fullstendig før alle naudsynte vedlegg ligg føre. Manglar det vedlegg vil søknaden ikkje bli handsama. Under finn du ei liste over naudsynte vedlegg med forklaring.

- a) **Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har bistått med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad**
 - Her skal du oppgje kven (nøytral fagkyndig peson/firma/leverandør) som har bistått deg med utforming, dimensjonering og installasjon av reinseanlegget og dokumentasjon av reinsegrad. Vær merksam på at dokumentasjon av anlegget sin reinsegrad skal vere utført av nøytral fagkyndig.
 - Dersom du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg må dette vere testa i samsvar med eN12566-3. Sjekk at reinsegraden som er oppgjeve på CE-merket til minireinseanlegg tilfredstiller reinsekravet for ditt utslepp (du har gjeve opp reinsekravet under pkt 5 reinsegrad). For alle andre reinseanlegg må det dokumenterast at anerkjent dimensjonering og utforming er nytta.
- b) **Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst (for slamtømming, vedlikehald osv.) på kart i målestokk 1:5000 eller større**
- c) **Dokumentasjon av reinsegrad jf § 12-10 og skildring av anlegg**
 - Vær merksam på at dokumentasjonen skal vere utført av fagkyndig. Vedlegget skal òg innehalde ei skildring av anlegget (type/modell/leverandør etc.) og korleis det skal drivast.
- d) **Gjenpart av nabovarsel**
 - Du må lage ei liste over kven som har vorte varsla og du må leggje ved kvittering på at varsel er sendt. (til dømes kvittering på rekommandert sending eller underskrift og dato).
- e) **Eventuelle mottekne klage/protestar**

Dersom du har motteke klage/protestar skal desse leggjast ved søknaden. Dersom du ikkje har motteke klage/protestar kryssar du av i boksen ikkje relevant
- f) **Liste over eigedomar tilknytt avløpsanlegget med gnr., bnr. og adresse**
 - Dersom du skal knyte deg til eit eksisterande reinseanlegg må du leggje ved ei liste over kva for bygningar som allereie er tilknytt anlegget. Gnr. og bnr for desse bygningane får du ved å kontakte kommunen. Dersom det ikkje er fleire bygningar knytt til anlegget skal du setje kryss i boksen ikkje relevant
- g) **Grunngeving for ynskje om unnatak frå §§ 12-8 til 12-9 eller relevant dokumentasjon**
 - Dersom du søker om unnatak frå reinsekrava skal dette grunnjevast særskilt. Vær merksam på at dersom det blir søkt om unnatak frå krava, gjeld ikkje kommunen sin absolutte sakshandsamingsfrist på seks veker.

h) Oversikt over interesser som tiltaket kan ha konsekvensar for (drikkevassforsyning, næringsverksemd, rekreasjon etc.). Utreiing av tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å ivareta helse og miljø

- Brukarinteresser knytt til utslippstaden vil ha mykje å sei for plassering og utforming av reinseanlegget eller utslippspunkt. Vedlegget skal innehalde ei vurdering av interesser som kan/vil berørt av utslippet (til dømes drikkevatt, bading, fiske, turløyper etc.) og utslippstaden si plassering i høve brukarinteressene. Dersom du er i tvil kan det vere nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan gjere ein nøytral vurdering

7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)

Her kan du skrive eventuelle merknader du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal handsamast.

8. Underskrift og erklæring

Merk at det er eigar som skal underteikne søknaden. Eigar si underskrift innestår for at det er gjeve riktige og fullstendige opplysningar og at eigar forpliktar seg til å følgje dei angjevne vilkåra, herunder vilkår som gjeld drift og vedlikehald.